

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		16/1375

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
60/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Økonomiplan 2017 - 2020 - drøftingssak

Vedlegg:

Skriv 23.05.2016 Fylkesmannen - om revNB16

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Økonomiplan for kommande 4-årsperiode har dei siste 2 åra vore handsama i juni-møtet i kommunestyret. Dette for å gje rammer og prioriteringar til budsjettarbeidet på hausten. Rådmannen har opplevd dette som ein god og fornuftig prosess. Også i år var intensjonen å leggje fram sak om økonomiplan på formannskapsmøtet 1. juni med tanke på handsaming i kommunestyret 15. juni.

Rådmannen planla også i år for ein god prosess på økonomiplanarbeidet. Dette begynte med møte med alle tenesteområdeleiarane i april og arbeid med prioritering av tiltak og vurdering av status og utfordringar innanfor kvart tenesteområde. Vi har likevel ikkje klart å kome i mål med eit framlegg til økonomiplan som vi kan leggje fram til politisk handsaming.

Det som har vore vanskeleg er å fastsette eit korrekt inntektsnivå og dermed rammer til fordeling mellom tenesteområda. Dette skuldast usikkert knytt til nytt inntektssystem, og kva som vert korrekt inntektsnivå ut frå dette. Forventa reduksjon i inntektene framover vil krevje at vi må vere meir tydelege på korleis vi skal prioritere innanfor det som så lagt ser ut til å verte rammer for drifta i 2017 som vert lågare enn rammene for inneverande budsjettår. Rådmann har og trong for å forankre dei tiltak og prioriteringar som vi vil gjere framlegg om på ein betre måte i organisasjonen før saka vert teken opp til politisk handsaming.

Rådmann vil difor utsette handsaming av økonomiplanen for 2017-2020 til formannskapsmøtet 31. august og kommunestyremøtet 21. september 2016.

I formannskapsmøtet 1. juni vil rådmannen legge fram til drøfting dei vurderingar ein så langt har gjort når det gjeld inntektsnivå, framlegg til rammer og konsekvensar av desse for den kommunale drifta. Formannskapet vert med det inviterte til å gje tilbakemelding og styringssignal til korleis kommunen bør prioritere innanfor det som vi ventar vert trange økonomiske rammer for 2017-budsjettet spesielt, men og i dei etterfølgjande budsjettår.

Vi legg ved Fylkesmannen si oppsummering av revidert nasjonalbudsjett / Kommuneproposisjonen

for 2017 som vart framlagt 13. mai.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek rådmannen sin orientering om økonomiplanen for 2017 – 2020 til orientering.

Formannskapet - 60/2016

FS - behandling:

Rådmann orienterte om at økonomiplan for 2017-2020 vert lagt fram etter ferien.

Økonomisjef orienterte.

Rådmann orienterte om omstillingsbehov.

FS - vedtak:

"Formannskapet tek rådmannen sin orientering om økonomiplanen for 2017 – 2020 til orientering."